

Møteinkalling

| | |
|-----------|--|
| Utval: | Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne |
| Møtestad: | Fylkeshuset, Videorom 1, 4. etg. |
| Dato: | 12.02.2014 |
| Tid: | 09:30 |

Til dette møte har Jostein Ljones og Kjell Søvik meldt forfall.

Torunn Hole Olsnes og Karl Peder Henriksen vert kalla inn som vara

Dagsorden:

- kl. 09.30-13.00: Sakshandsaming
- kl. 13.00-13.45: Lunsj
- kl. 13.45-15:00: Sakshandsaming

Dersom nokon av rådet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å

gjere dette snarast råd til telefon 99 51 83 33 eller epost til: ingeborg.borgen.takle@hfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Varamedlemane får tilsendt saksdokumenta til orientering. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemar bli kalla inn særskilt.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland

Ellinor Kreybu
leiar

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|---|-------------------------|---------------|
| PS 5/14 | Godkjenning av møteinnkalling | | |
| PS 6/14 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 7/14 | Referatsak (Meldingar) | | |
| RS 8/14 | Referat fra RMNF-AU, 15.01.2014 | 2014/558 | |
| RS 9/14 | Høyringsuttale til Trafikksikringsplanen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 2014/558 | |
| RS 10/14 | Høyringsuttale til Regional folkehelseplan frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 2014/558 | |
| RS 11/14 | Uttale angåande BRA-midlar for 2015 frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 2014/558 | |
| RS 12/14 | BRA-midlar for 2015 - Søknader frå Hordaland fylkeskommune | 2014/558 | |
| RS 13/14 | Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale | 2014/1328 | |
| RS 14/14 | Møteprotokoll - Fylkesrådet for funksjonshemmede i Troms | 2014/558 | |
| PS 15/14 | Godkjenning av møtebok 10.01.2014 | 2014/558 | |
| PS 16/14 | Ymse | | |
| PS 17/14 | Budsjett for RMNF 2014 | 2014/558 | |
| PS 18/14 | Temadag 2. april - førebuing | 2014/558 | |
| PS 19/14 | Invitasjon til Deltatransport, transportfaglig nettverk for universell utforming | 2014/558 | |
| PS 20/14 | SOR-konferanse: Selvbestemmesle - til besvær? | 2014/558 | |

PS 5/14 Godkjenning av møteinnkalling

PS 6/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Møtereferat

Dato: 16.01.2014

| | | | |
|-------------|---|-----------|----------------------------|
| Til stades: | Harald Norheim Ingeborg Borgen Takle | | |
| Forfall: | Ellinor Kreybu | | |
| Emne: | Referat frå RMNF-AU, 15.01.2014 | Sak: | 2014/558-4 |
| Møtetid: | 10.00-13.35 | Møtestad: | Bergen Rådhus, møterom 222 |

Sak 1/13 Trafikksikringsplanen – høyringsuttale

Trafikksikringsplanen vart sendt ut på høyring med frist til 20. desember 2013. RMNF søkte om utsetting til 17. januar 2014. Innspel har kome frå Kjell Søvik.

AVGJERD

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgjande uttale til Trafikksikringsplanen:
«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at Trafikksikringsplanen er ein god plan og at intensjonen er bra.

Tiltaka er nemnt, men ein set spørsmålsteikn ved om det vert reflektert i budsjett og om dei ulike tiltaka har fått tildelt nok midlar til å ha ein effekt. Særskilt ser ein på fysiske tiltak for å skilje mjuke og harde trafikantar, og om midlane tildelt er tilstrekkelige.

Planen er ikkje på nokon måte spesifikk for målgruppa til rådet, noko som rådet heller ikke meiner at er aktuelt. Men rådet ønskjer å uttale seg på bakgrunn av at trafikkulukker i mange fall skapar menneske med nedsett funksjonsevne.»

Sak 2/13 Regional folkehelseplan – høyringsuttale

Regional folkehelseplan vart sendt ut på høyring med frist til 20. desember 2013. RMNF søkte om utsetting til 17. januar 2014. Innspel har kome frå Kjell Søvik og Tore Svane.

AVGJERD

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem emed følgjande uttale til Trafikksikringsplanen:
«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har ein særskilt interesse i Regional folkehelseplan, både frå folkehelseperspektivet og med tanke på at denne planen vil erstatte Fylkesdelplan for universell utforming.

Rådet ønskjer å understreke nokre poeng rundt universell utforming. Ein allmenn oppfatning av universell utforming er at dette er noko som gjeld rørslehemma. Denne oppfatninga tar ikkje høgde for synshemma, hørslehemma, allergikare, psykisk utviklingshemma, og så vidare. Det kan sjå ut som om dei som har skrive planen har ein breiare definisjon av universell utforming enn mange, men rådet skulle ønskje at dette vart tydelegare understreka tidlig i planen.

Det andre poenget er at mange tenkjer på menneske med nedsett funksjonsevne som tilskodarar, ikkje som deltakrarar. Dette er særskilt viktig innan folkehelse. Det skal ikkje berre vere tatt omsyn til dei som ønskjer å sjå på ein aktivitet, men også dei som ønskjer å delta i ein aktivitet, til dømes garberobefasilitetar og anna. Det

kan og gjelde kulturopplevingar kor ein har tenkt på at alle kjem inn i bygget, men kanskje ikkje på om alle kan ta del i opplevinga. Dette er ikkje presisert nok i planen.

Det siste poenget, som til stor grad er tatt omsyn til i planen, er at universell utforming ikkje berre eksisterer for ein liten gruppe menneskjer, men at universell utforming er noko dei aller fleste vil få glede av på eit tidspunkt i livet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at punkta over skal vere tydelege tidleg i planen, gjerne med definisjonar og eksemplar, slik at ein er sikker på at dei er i vareteke i resten av planen og i alle tiltaka.

Når det gjeld universell utforming ser ein at det vert operert med ulike fristar i dokumenta, både 2025 og 2019. Rådet sin oppfatning er at alle fylkeskommunale bygg skal vere ferdig universelt utforma i 2019, mens 2025 er dei nasjonale føringane. Særskilt i 1G og i 1.4.2-6 råder det noko forvirring om kva type bygg ein snakkar om til ein kvar tid. Fylkestinget tok eit vedtak på når fylkeskommunale bygg skulle vere universelt utforma og strategien for å nå dit. Kanskje det kan vere aktuelt å ta med dette vedtaket i planen?

Når det gjeld arbeidslivet er det rådet sin sterke meining at sjølv om dei fysiske hindringane for deltaking i arbeidslivet er der, er det holdningane til arbeidsgjevarane som er den største barrieren. Rådet meiner at ein bør ha eit større fokus på holdningsendringar i planen.

Deltaking er som tidlegare nemnt eit viktig prinsipp, dette gjeld både i oppvekst og i organisasjonslivet. Det vart nett gitt ut ein rapport som peikar på at fråfallet i skulen er større blant barn med funksjonsnedsettingar, og rådet meiner at ein bør fokusere på ein barndom der alle vert inkludert, uansett funksjonsevne. Dette gjeld særskilt i dei «uniformelle» sosiale arenaene som i friminutt og fysisk aktivitet og liknande. Ein har nemnt ulike frivillige organisasjonar, men ein har ikkje nemnt politiske organisasjonar. Rådet meiner at det er viktig for folkehelsa å kunne bidra til eit betre samfunn og å kunne engasjere seg politisk og rår til at eit punkt om politikk vert lagt til.

Til sist ønskjer rådet å sjå punkt i handlingsplanen om korleis ein skal ha fokus på universell utforming. Ein er redd for at om det ikkje står der vil ein ikkje ha det i minne når tiltaka vert utført. Eit tiltak kan for eksempel vere å spreie informasjon om universell utforming, blant tilsette i fylkeskommunen, kommunane og andre. Grunna til at mange med funksjonsnedsettingar møter barrierar er ofte ikkje at folk ikkje ønskjer å leggje til rette, men at dei ikkje har tenkt på det. Så økt kunnskap og kompetanse om universell utforming er noko rådet ønskjer å leggje til i planen.

Når dette er sagt er det mykje bra i planen, men i denne omgang har det vert ekstra viktig å fokusere på det som manglar fordi denne planen er så viktig for framtida til menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.»

Sak 3/13 Temadag 2. april

RMNF skal ha ein temadag 2. april og tema er satt til Kultur, med fokus på deltaking og skal omhandle både bygg og aktivitet.

AVGJERD

Administrasjonen tar kontakt med Kulturavdelinga og Nord-Trøndelag fylkeskommune for tips til innleiarar. Administrasjonen finn og stad til arrangementet. Saka vert tatt opp på neste møte.

Sak 4/13 BRA-midlar

Samferdselsavdelinga ønskjer innspel på BRA-midlar for 2015, og kva søknader Hordaland fylkeskommune skal sende inn. I fjor sendte dei inn følgjande søknader:

1. Kartlegging og prosjektering av universelle utformingstiltak på fylkeskommunale ferjekaier.
Berre nummer 1 fekk statlege midlar.

AVGJERD

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at ein bør fremje følgjande søknader til BRA-midlar for 2015:

1. Opprusting av 20 sentrale haldeplassar til universell utforming
2. Betre tilgjengeleight for mjuke trafikantar i trafikk-knutepunkt, i lys av trafikksikringsplanen.
3. Einskyting informasjon på sentrale terminala
4. Utviding av Skyss sin mobilbillett til alle takstsonar i fylket

Sak 4/13 Saksliste til møtet i RMNF, 12.02.2014

AVGJERD

Meldingar:

- BRA-midlar
- Uttale til KURE angåande Cornerteateret
- Regional folkehelseplan – høyringsuttale
- Trafikksikring – høyringsuttale

Orienteringa:

- Kulturavdelinga v/AnnaElisa Tryti
- Oppdatering frå Bybanen AS og Bybanen Utvikling angåande markering ved overgangar

Sakar:

- Temadag 2. april

Med helsing

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Notat

Til: Lise Ådlandsvik

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/558-5

Dato
16.01.2014

Høyringsuttale til Trafikksikringsplanen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at Trafikksikringsplanen er ein god plan og at intensjonen er bra.

Tiltaka er nemnt, men ein set spørsmålsteikn ved om det vert reflektert i budsjett og om dei ulike tiltaka har fått tildelt nok midlar til å ha ein effekt. Særskilt ser ein på fysiske tiltak for å skilje mjuke og harde trafikantar, og om midlane tildelt er tilstrekkelige.

Planen er ikkje på nokon måte spesifikk for målgruppa til rådet, noko som rådet heller ikke meiner at er aktuelt. Men rådet ønskjer å uttale seg på bakgrunn av at trafikkulukker i mange fall skapar menneske med nedsett funksjonsevne.

Med helsing

Harald Norheim
Nestleiar
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Notat

Til: Matti Torgersen

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/558-6

Dato
16.01.2014

Høyringsuttale til Regional folkehelseplan frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har ein særskilt interesse i Regional folkehelseplan, både frå folkehelseperspektivet og med tanke på at denne planen vil erstatte Fylkesdelplan for universell utforming.

Rådet ønskjer å understreke nokre poeng rundt universell utforming. Ein allmenn oppfatning av universell utforming er at dette er noko som gjeld rørslehemma. Denne oppfatninga tar ikkje høgde for synshemma, hørslehemma, allergikare, psykisk utviklingshemma, og så vidare. Det kan sjå ut som om dei som har skrive planen har ein breiare definisjon av universell utforming enn mange, men rådet skulle ønskje at dette vart tydelegare understreka tidlig i planen.

Det andre poenget er at mange tenker på menneske med nedsett funksjonsevne som tilskodarar, ikkje som deltagarar. Dette er særskilt viktig innan folkehelse. Det skal ikkje berre vere tatt omsyn til dei som ønskjer å sjå på ein aktivitet, men også dei som ønskjer å delta i ein aktivitet, til dømes garberobefasilitetar og anna. Det kan og gjelde kulturopplevingar kor ein har tenkt på at alle kjem inn i bygget, men kanskje ikkje på om alle kan ta del i opplevinga. Dette er ikkje presisert nok i planen.

Det siste poenget, som til stor grad er tatt omsyn til i planen, er at universell utforming ikkje berre eksisterer for ein liten gruppe mennesker, men at universell utforming er noko dei aller fleste vil få glede av på eit tidspunkt i livet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at punkta over skal vere tydelege tidleg i planen, gjerne med definisjonar og eksemplar, slik at ein er sikker på at dei er i vareteke i resten av planen og i alle tiltaka.

Når det gjeld universell utforming ser ein at det vert operert med ulike fristar i dokumenta, både 2025 og 2019. Rådet sin oppfatning er at alle fylkeskommunale bygg skal vere ferdig universelt utforma i 2019, mens 2025 er dei nasjonale føringane. Særskilt i 1G og i 1.4.2-6 råder det noko forvirring om kva type bygg ein snakkar om til ein kvar tid. Fylkestinget tok eit vedtak på når fylkeskommunale bygg skulle vere universelt utforma og strategien for å nå dit. Kanskje det kan vere aktuelt å ta med dette vedtaket i planen?

Når det gjeld arbeidslivet er det rådet sin sterke mening at sjølv om dei fysiske hindringane for deltaking i arbeidslivet er der, er det holdningane til arbeidsgjevarane som er den største barrieren. Rådet meiner at ein bør ha eit større fokus på holdningsendringar i planen.

Deltaking er som tidlegare nemnt eit viktig prinsipp, dette gjeld både i oppvekst og i organisasjonslivet. Det vart nett gitt ut ein rapport som peikar på at fråfallet i skulen er større blant barn med funksjonsnedsettingar, og rådet meiner at ein bør fokusere på ein barndom der alle vert inkludert, uansett funksjonsevne. Dette gjeld særskilt i dei «uformelle» sosiale arenaene som i friminutt og fysisk aktivitet og liknande. Ein har nemnt ulike frivillige organisasjonar, men ein har ikkje nemnt politiske organisasjonar. Rådet meiner at det er viktig for folkehelsa å kunne bidra til eit betre samfunn og å kunne engasjere seg politisk og rår til at eit punkt om politikk vert lagt til.

Til sist ønskjer rådet å sjå punkt i handlingsplanen om korleis ein skal ha fokus på universell utforming. Ein er redd for at om det ikkje står der vil ein ikkje ha det i minne når tiltaka vert utført. Eit tiltak kan for eksempel vere å spreie informasjon om universell utforming, blant tilsette i fylkeskommunen, kommunane og andre. Grunna til at mange med funksjonsnedsettingar møter barrierar er ofte ikkje at folk ikkje ønskjer å leggje til rette, men at dei ikkje har tenkt på det. Så økt kunnskap og kompetanse om universell utforming er noko rådet ønskjer å leggje til i planen.

Når dette er sagt er det mykje bra i planen, men i denne omgang har det vert ekstra viktig å fokusere på det som manglar fordi denne planen er så viktig for framtida til menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

Med helsing

Harald Norheim
Nestleiar
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Notat

Til: Nils E Grude

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/558-7

Dato
16.01.2014

Uttale angåande BRA-midlar for 2015 frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at ein bør fremje følgjande søknader til BRA-midlar for 2015:

1. Opprusting av 20 sentrale haldeplassar til universell utforming
2. Betre tilgjengelegheit for mjuke trafikantar i trafikk-knutepunkt, i lys av trafikksikringsplanen.
3. Einskyapleg informasjon på sentrale terminala
4. Utviding av Skyss sin mobilbillett til alle takstsonar i fylket

Med helsing

Harald Norheim
Nestleiar
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne



Jfr. adresseliste

Dato: 16.01.2014

Vår ref.: 2014/1328-1

Dykkar ref.:

Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale

Fylkestinget handsama i møte den 11.12.2013 sak om Reklamefinansiert kollektivtransport (sak 68/13). Dokument i saka finn ein ved å gå inn på <http://polsak.ives.no/>, vel deretter «Fylkestinget» og møte den 10.12.2013. Fylkestinget gjorde slikt vedtak i saka:

VEDTAK (11.12.2013)

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sende over saka om reklamefinansiert kollektivtransport til berørte kommunar og berørte organisasjoner samt Statens vegvesen for uttale om innføring av reklamefinansierte leskur langs kommunale, fylkeskommunale og statlege vegen, samt på dei største terminalane i Bergensområdet.

2. Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune og Statens vegvesen får fylkesrådmannen fullmakt til å starte planarbeid for plassering av reklame på leskur og byromsmøblar, og deretter setje i verk anbodskonkurranse med formål å inngå kontrakt med reklameoperatør for investering i møblar og drift/vedlikehald av desse. Aktuelle reklameflater er:

- a. Reklamefinansierte leskur langs vegen i Bergen kommune og omegn.
- b. Oppsjon reklameplassering på Bybanens haldeplassar på bakvegg i leskur eller frittståande modular. Yting frå reklameoperatøren er vedlikehald av haldeplassane.

3. Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune får fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmateriell og kollektivterminalar for fylgjande flater i utandørsmarknaden med organisasjonsform outsourcing:

- a. Buss innvendig
 - o Takbogar
 - o Digitale skjermer der dette er lønsamt i kombinasjon med nyheter og kommunikasjon frå Skyss, vekeplakatar elles
- b. Bybanen innvendig
 - o Digitale skjermer i kombinasjon med nyheter og kommunikasjon frå Skyss
- c. Hurtigbåt innvendig
 - o Vekeplakatar (på vegg) og digitale skjermer
- d. Buss utvendig
 - o Lite bakfelt
- e. Terminalar som i dag ikkje er ein del av vegvedlikehaldet.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle med Bergen kommune om fordeling av ytingar frå

reklameavtalen til byromsmøblar.

5. Fylkesutvalet får tilbake sak, inkludert forslag til retningsliner, når resultatet av forhandlingane ligg føre.

6. I samband med forslag til retningsliner må ledig annonseplass vurderast å setjast av til kulturformål.

7. Retningslinjene må og presisera kva område som skal vere reklamefrie. I budsjettvedtaket for 2012 var det presisert at dei historiske delane av Bergen sentrum skal haldast fri for reklame på busstopp og terminalar. Dette inneber at brysklar kan inkluderast også i dei historiske delane.

8. Fylkestinget presiserer at ordninga med reklamefinansiert kollektivtransport også kan omfatte resten av Hordaland fylke der marknaden er til stades.

Fylkeskommunen har sett uttalefristen til 14. februar 2014.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Adresseliste:

Alle kommunane i Hordaland
FFO Hordaland
Fylkeseldrerådet, HFK
Fylkesmannen i Hordaland
Hardangerrådet
Hordaland politidistrikt
Regionrådet Nordhordland IKS
Regionrådet Vest c/o Sund kommune
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, HFK
Samarbeidsrådet i Sunnhordland
Statens vegvesen Vegdirektoratet
Statens vegvesen Region vest
Trygg Trafikk Hordaland
Ungdommens fylkesting, HFK



Arkivnr: 2014/558-10

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 15/14 | 12.02.2014 |

Godkjenning av møtebok 10.01.2014

Samandrag

Møteboka frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sitt møte 10. januar 2014 vert med dette lagt fram for godkjenning.

Forslag til avgjerd

Møteboka frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 10. januar 2014 vert godkjent.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Møtebok RMNF 10.01.2014

Fylkesrådmannen, 04.02.2014

Her startar saksutgreiinga

Møtereferat

Dato: 04.02.2014

| | | | |
|-------------|--|-----------|---|
| Til stades: | Harald Norheim Tore Svane Jostein Ljones Kjell Søvik Ingeborg Borgen Takle Ingrid Haukeland, Bybanen Utvikling Ivar Gubberud, Bybanen AS | | |
| Forfall: | Ellinor Kreybu Kjersti Edvardsdal Neshe Lie | | |
| Emne: | Møtereferat RMNF - 10.01.2014 | Sak: | 2014/558-8 |
| Møtetid: | 09.30-14.30 | Møtestad: | Cornerteateret og Fylkeshuset, fylkesutvalssalen |

Møteleiar: Harald Norheim
Referent: Ingeborg Borgen Takle

Frå 1. januar 2014 skal alle møter og møtebøkar leggjast ut på e-innsyn. Grunna at møtet 10. januar 2014 var eit ekstramøte og vart gjennomført så tidleg på året vart ikkje møtet lagt ut på e-innsyn, men vert lagt ved som ein politisk sak på neste ordinære rådsmøte.

«Sak 1/14 Uttale til Kultur- og ressursutvalet angåande Cornerteateret

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk slik førespurnad frå Kultur- og ressursutvalet:
I sak 95/13 i Kultur og ressursutvalet 22. oktober, fekk Cornerteateret eit tilskot på kr.500 000,- med følgjande presisering:

Bergen kommune – Teaterdrift AS

Cornerteateret er eit viktig tiltak for fylkeskommunen. Kultur og ressursutvalet finn det difor hensiktsmessig å gi støtte under føresetnad av at tilskotet først blir utbetalt når Teaterdrift AS har

gjennomført og fått godkjent av fylkeskommunen følgjande tiltak:

1 Fjerning av alle tersklar

2 Bygging av rullestolheis

3 Bygget elles er universelt utforma

Kultur- og ressursutvalet føreset at alle regionale og lokale kulturbrygg ved nybygging, ombygging og

rehabilitering blir universelt utforma i samsvar med vilkåra som gjeng fram under pkt. 5 og 2.1.2 i

retningslinjene.

Teaterdrift AS – Cornerteateret har reagert på denne presiseringa med ei klage på vedtaket.

På møte i Kultur- og ressursutvalet 3. desember orienterte utviklingssjef Ronny Skaar utvalet om status i saka. Det blei informert om at klagesaka (både spørsmålet om avvisning og realiteten) vil bli lagt frem for utvalet i førstkomande møte den 21.01.2014. Under følgjer utdrag frå møteboken som omhandlar saka.

Ref. KURE-møte 3. desember 2013 under ymse:

YMSE

Anne-Beth Njærheim sette fram spørsmål om status for Teaterdrift AS og Cornerteateret si klage på vedtak sak 95/13 i utvalet.

Utviklingsleiar Ronny Skaar orienterte. Administrasjonen vil koma attende med eiga sak i januar-møtet.

Utvalet ønskjer om mogleg ein uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i saka og at administrasjonen formidlar dette til rådet.

På bakgrunn av dette ber fylkesrådmannen på vegne av KURE Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om ein uttale til neste møte 21. januar 2013 dersom mogleg.»

I samband med det valde rådet å dra på synfaring 10.01.2014. Rådet vart møtt av representantar frå Cornerteateret og byggherren. I løpet av dagen utforma rådet ein uttale til Kultur- og ressursutvalet.

AVGJERD

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sendte følgjande uttale til Kultur- og ressursutvalet:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart bedt om å kome med ein uttale til Kultur- og ressursutvalet angåande sak 95/13 om Cornerteateret. På bakgrunn av dette har rådet vert på ei synfaring på Cornerteateret den 10. januar 2014. Vi vart møtt av ein representant frå Marineholmen Utvikling AS, Linda Børnes og Christer Hjelmeland som gav oss ein omvising i alle etasjane i bygget.

Rådet har vore litt usikker på kva som var grunnlaget for søknaden, om det var berre publikumsområdet, berre 1. etasje eller heile bygget. Vi har derfor vald å fokusere på 1. etasje, men vi har også vald å kome med nokre innspel angåande 2. og 3. etasje. Heilheitsinntrykket av Cornerteateret er at det er eit veldig fint bygg som gjer noko særskilt til nabølaget. Rådet meiner at både byggherre og leigetakarane tilfører nabølaget ein positiv dimensjon.

Ein generell oppfatning er at ein samanliknar tiltak for universell utforming som tiltak for rørslehemma. Rådet er oppteken av at universell utforming ikkje berre gjer livet lettare for grupper som synshemma, hørslehemma, allergikarar og rørslehemma, men også befolkninga som heilheit. Ein anna utmaning er at universell utforming ofte vert teken omsyn til i samband med publikum-område, men ikkje like mykje med tanke på deltaking i aktivitetar. Dette ser ein igjen på Cornerteateret.

Når det gjeld publikumsdelen av Cornerteateret verkar den på mange måtar universelt utforma, men rådet har nokre innspel som ein meiner ikkje er nok ivareteken. Vi ser at mange av utmaningane i publikumsdelen gjeld særskilt synshemma og hørselshemma. Rådet saknar kontrastar generelt, og særskilt rundt toalettområdet. I same tankegang ville det vore naturleg at det var ledelinjer til dei viktigaste områda, slik som til skranken/baren, toalett og til storsalen. Ein saknar tydelegare skilting i hele etasjen, og anbefaler at

denne skiltinga vert takt til i tillegg. Det vil vere naturleg å ha ein skrankeslynge i inngangspartiet, vidare bør det vere teleslynge i begge salane slik at hørselshemma kan ta del i kulturopplevinga. Når det gjeld hovudsalen skjønnar rådet at det ikkje er stor bruk av kontrastar da dette skal vere ein blackbox, men markeringa på trappane burde vore betre, og ein bør vurdere ein betre kontrastfarge. I Scene 2, den little blackbox-scena i 1. etasje, er det ei stål-søyle som burde vore betre markert med kontrast, samt polstra. Nokre av rømmingsvegane i 1. etasje har så pass høg terskel at dei ikkje er hensiktsmessig for rullestolbrukare. For menneske med nedsett rørsle som skal delta i ei teateroppvising vil dei ikkje ha tilgang til garderoben da denne ligg i 2. etasje.

Rådet som ein heilheit kunne ikkje synfare 2. og 3. etasje grunna mangel på heis, slik at nestleiar som brukar rullestol ikkje hadde tilgang. I 2. etasje er det øvingsrom for teaterskulen for barn og unge, samt garderobar. Her såg ein ei utmaning med høge tersklar ved inngang til garderoben, samt til dusjane. Rådet meiner det er ekstra viktig å oppfylle universell utforming med tanke på at det er fokus på barn og unge i bygningen.

I 3. etasje er det kontorplassar. Her vil det per i dag ikkje vere tilgang til kontorplassane for rørslehemma, i tillegg til at det ikkje vil vere mogleg for publikum som er rørslehemma som ønskjer tilgang til kontorpersonell å møte dei på kontoret. Dette ser rådet som problematisk. Det er ei moglegheit til å ha eit kontor i 1. etasje dersom ei rørslehemma vert tilsett, men da får vedkommande ikkje vere ein del av fellesskapet. For å sikre tilgang både for personell, publikum og deltakarar på teaterskulen med rørslehemming til 2. og 3. etasje bør ein trappeheis monterast.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne anbefaler at Cornerteateret må leggje fram ein plan for gjennomføring av nemnte utbetringstiltak før midlar vert utbetalta.»

Sak 2/14 Orientering frå Bybanen Utvikling og Bybanen AS

I førre ordinære møte ønskte Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne å få ein orientering i samband med overgangar på bybanen, særskilt dei utan lys- og lydsignal. Grunna kommunikasjonssvikt fekk ikkje rådet den orienteringa det hadde bedt om, men hadde ei positiv diskusjon rundt bybanen generelt med Ingrid Haukeland. Ein bestemte i det møtet at det vil vere bra med ein dialog rundt bybanen saman med Bybanen Utvikling og Bybanen AS. Derfor vart det bestemt at rådet, Bybanen Utvikling og Bybanen AS skulle møtast den 10.01.2014 og ha ein synfaring på bybane-stoppet på Florida, samt ein gjennomgang av det planlagde stoppet på Sandslimarka.

AVGJERD

